



Svein Rimestad er 'fyrst til mølla' og kjøper lodd, kaffi og vafler er gratis.

Uskedal helselag har loddsal ved inngangen til SPAR i dag. Med eige partytelt, varme, vaffeljern og takke går loddsalet strykande. På spørsmålet om kor lenge på dagen loddsalet vil vera, svarar Klarar Bakke at ein held på så lenge det er vaffelrøre igjen. Helselaget går nye vegar og finn gode løysingar for korleis ein kan ha stand og loddsal i litt dårleg vær.

Helselagsbasaren er neste sundag, 18. mars i Helgheim. Den vellukka basaren plar henta inn inntekter rundt kr. 40.000,- Halvparten av dette vert seld på loddbøker i tida fram til basaren skal vera.

I dag kl. 11 var Helselaget på plass og rigga utstyr, varme og steikeplater. Klara Bakke og Marian Rød Hauso hadde fyrste vakta. SPAR spanderte kaffi. Varme og gode vafler og lappar kom kjapt fram på brettet. Alt gratis og godt smakte det. Oppskrifta på litt gove vafler låg framme, fritt for den som ville ta med seg og prøva same oppskrifta heime.

Vi seier berre: Ver kjapp - legg turen til SPAR og kjøp lodd for ei god sak. Har du ikkje kontantar, ikkje noko probelm så lenge det er høve å bruka Vipps.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal helselag finn gode løysingar for loddsalet i dag, med eige partytelt, terrassevarme, kaffi og vafler og lappar. F.v: Klara Bakke og Marian Rød Hauso.